



Liste og Listeprogram 2021

Universitetet i Stavanger

Nynorsk

# Oversikt

- 1...Oversikt
- 2...Listekandidatar
- 3...Me går til val for
- 4...Listeprogram
- 4...Demokrati
- 5...Studentsamskipnaden SiS
- 5...Solidaritet med fagbevegelsen
- 6...Lik rett til utdanning og kamp mot ulikhet
- 7...Feminisme
- 8...Inklusjon og kamp mot diskriminering
- 9...Internasjonal solidaritet
- 10...Internasjonale studenter og utveksling
- 11...Klima, miljø og dyrevern
- 13...Studenthelse
- 14...Rettstryggleik
- 14...Praksis i studiehverdagen
- 15...Læringsmiljø

# Listekandidatar

1. Joakim R. Ramsland
2. Stefan Jekic
3. Christoffer Raarup Sennels
4. Marija Stevkovska Pedersen
5. Ine Hansen
6. Ole Lunde
7. Jens Hestnes Andersen
8. Shan Amin

## Me går til val for:

1. Kamp mot ulikskap og ekskludering. Kutt i husleiga, auka studiestønad og gratis skulebøker. Universitetet bør laga tiltaksplan for mangfald, jamstilling og inkludering, som andre universitet har. Universitetet må rekna med både digitale og internasjonale studentar.
2. Grønt og solidarisk universitet. Universitetet bør avkarboniserast innan 2030 gjennom ein utvida klimarekneskap og konkrete mål. Det bør verte leiande på grøn forskning og utdanning i landet. Universitetet bør vere fairtrade og stå for menneskerett og internasjonal lov.
3. Feminisme. Universitetet må sikra kjønnsbalanse i klasserom og hos tilsette. Førelasarar bør ha kurs i Rosa kompetanse om kjønn og mangfald i kjønnsliv. Universitetet bør sikra kvinners rett og likelønn.
4. Universell utforming og tilrettelegging. Me stør UiS sin handlingsplan, men vil at han går raskare.
5. Psykisk helse. Budsjettet må aukast og ventetida må ned for psykisk helsehjelp. Det bør vere fleire lågterskeltilbod og alternativ til studentprest.

# Listeprogram

## Demokrati

Studentdemokratiet og universitetsdemokratiet er grunnpilarar i universitetets rolle som ein kritisk institusjon. Eit fungerande studentdemokrati gjer universitetet betre. Studentdemokratiet må styrkast gjennom å gje gode, føreseielege vilkår og god opplæring. VA forsvarar også universitetsdemokratiet og institusjonanes rett til sjølvforvaltning.

- Studentpolitikken skal demokratiserast.
- Studentparlamentet må undersøkje alternative førebilete for studentdemokratisk engasjement, som borgerjury.
- Det bør vere aktiv medverknad for å auka tilslutnad i studentvalet. Opplysningsverksemdar og opplysningar om valet i undervisninga kan bidra til dette.
- Rektor skal veljast. Å kunna stilla til rektorval skal ikkje krevja rektorkompetanse.
- UiS skal drifta egne bygg.
- UiS skal tilby opplæring til studentrepresentantar i fakultets- og instituttstyrer.
- UiS skal ha retningslinjer for studentdemokrati og studenttillitsvalde på fakultets- og instituttnivå som gjev studentane gode føresetnader og rettar i si demokratiske verksemd.
- Studentparlamentet bør ha så opne prosessar som mogleg og det bør opplyst meir om verksemda dei gjer.
- Studentsamskipnader skal ha enkelt tilgjenge til egne område og tenester på campus.

## **Studentsamskipnaden SiS**

Gjennom Velferdstinget kan studentane påverka Studentsamskipnaden SiS, og dermed velferdstilboda til studentane i Stavanger. VA vil bruka makta aktivt.

- Husleiga i SiS-bustadane må reduserast, slik at det vert mogleg å leva på stønad frå Lånekassen når ein leiger hos SiS.
- Studentdemokratia skal ha reell påverknad på Studentsamskipnaden SiS, gjennom eit maktkritisk Velferdsting.
- Velferdstinget skal ha rett til å stilla mistillit mot sine tillitsvalde.
- Lederlønningane i SiS skal reduserast.
- SiS skal underleggjast Offentleglova.
- SiS skal ikkje støtta økonomisk andre samskipnadars utbyte. Pengane SiS tener på studentar skal gå tilbake til studentanes velferd.
- Studentbustadane skal ha tillitsvalde frå kvar studentby. Tillitsvalde skal ha påverknadskraft opp mot bustadeigar.
- Me støtter eit SiS-monopol på dei ulike velferdstilboda på campus. Det er viktig for å sikra at pengane går til studentar og at tilboda er demokratisk styrt av studentane.

## **Solidaritet med fagbevegelsen**

Fagrørsla er ein grunnstein i den nordiske modellen. Ho er derimot under tungt press på grunn av dagens frihandel, aukande oppmjuking av arbeidsmiljølova og synkande organiseringsgrad.

- UiS skal sikra tilsette gode arbeidsvilkår. Arbeidsmiljølova skal tolkast strengt. Fulltid og faste stillingar bør vere normen.
- Fremje arbeidslivskrav i Velferdstinget og Studentparlamentet, som skal gjerast i samarbeid med tillitsvalde.
- Ufråvikeleg støtte til alle streikar på campus.
- At UiS tilset reinhaldarar fast framfor tenesteutsetjing

## Lik rett til utdanning og kamp mot ulikskap

Alle bør ha lik rett til utdanning. Men me veit at klassebakgrunn framleis spelar ei stor rolle og at de sosiale skilnadane i Noreg aukar. Derfor vil VA ha tiltak mot ulikskap i utdanning.

- Klaseskilnadane i høgare utdanning må viskast ut. Høgare utdanning skal vere gratis, og økonomisk bakgrunn skal ikkje vere ein føresetnad for å byrja eller fullføra høgare utdanning.
- Innføra gratis skolebøker gjennom ei låneordning. Ein kan óg nytte digitale bøker som vert betalt av universitetet.
- Auka studiestønad til 2.5 G og 12 månader.
- Sikra gratisprinsippet i all undervisning både i Noreg og internasjonalt. Ingenting skal kosta.
- Tilbakeføra regjeringa si endring i konverteringsordninga for studielån og stipend.
- Bustadprisane i Stavanger skal regulerast gjennom offentleg eigarskap av bustadar.
- Behovet for bustadar skal møtast med bustadar laga av det offentlege.
- UiS skal aldri innføra Honours-program. Ressursene skal setjast av til alle studentar.
- Arbeidet med styrkt arbeidslivsrelevans skal ikkje verte ei bakdør for kommersialisering av utdanninga. Næringslivets definisjonsmakt over kva som er relevant lærdom må avgrensast for at universitetet som kritisk kunnskapsinstitusjon skal fredast.
- UiS må skipa ei låneordning for datautstyr til studentar, slik at studentane får like høve til å følgja utdanninga.

## Feminisme

Venstrealliansen er ein feministisk samskipnad. I samfunnet i dag har heteronormative menn som gruppe gjennomgåande meir makt enn kvinner. Makt er skeivt fordelt mellom kjønn i samfunnet. VA ønskjer å bruka radikale verkemiddel for å få ein meir rettkomen kjønnsbalanse. VA jobbar etter prinsipper om feministisk praksis. Det vil seia å syte for at universitetet fører kjønnsstatistikk, at jenter vert oppmoda til å ta ordet i diskusjonar, og på andre måtar å jobba for å gjera folk merksame på og å motverka maktubalanse forårsaka av strukturell kjønnsdiskriminering.

- UiS må sikra kjønnsjamstilling gjennom styrking og vidareutvikling av kvoteringsordningar som for eksempel kjønnspoeng. Tilsetjing skal ha kjønnskvolter for å sikra kjønnsbalanse når det gjeld professorar og andre stillinger.
- Pensum bør ha fleire kvinnelege forfattarar.
- UiS må innføra ei ordning med gratis sanitærprodukt på campus.
- UiS bør gje opplæring i feministisk selvforsvarskurs i fadderveka.
- UiSs varslingsrutinar må vere robuste. Seksuell trakassering og andre kritiske omstende må vere lett å varsle om. Vi støttar varslingsystemet Si ifra.
- Støtte kampen for kvinners rett til sjølvvald abort.
- Starte arbeidet med innføring av Rosa-kompetanse om kjønn og mangfald i kjønnsliv blant undervisarar ved UiS. Undervisningen skal vere tilrettelagt for alle kjønnsidentitetar.
- Arbeide for likelønn mellom mann og kvinne.
- Foreldrepermisjonen skal vere universelt tilgjengeleg for alle studentar ved UiS som institusjon, uavhengig av fakultetstilhøyring og kjønn. Informasjon om ordningane for foreldrepermisjon skal vere lett tilgjengeleg for studentar via Universitetets nettsider og informasjonssentra til dei dei ulike fakulteta.
- Det skal vere kjønnsnøytrale toalett på alle fakultet.



## **Inkludering og kamp mot diskriminering**

UiS må vere ein institusjon som er open for alle. For mange opplever diskriminering i Noreg, enten det gjeld etnisk bakgrunn, seksuell orientering, funksjonsnedsetjing eller andre tilhøve. Me anerkjenner i at diskriminering finnes i det norske samfunnet. Derfor skal VA syne diskriminering og kjempe mot det.

- UiS og alle studenttilbod skal jobba for full universell utforming og tilrettelegging. Me støttar UiS sin handlingsplan på dette området, men vil at han skal gå raskare.
- Det bør vere tiltaksplan for mangfald, jamstilling og inkludering som alle andre universitet har.
- Demokrati krev inkludering. Det bør vere nulltoleranse for direkte og indirekte diskriminering. Islamofobi, antisemittisme, rasisme, sexism, diskriminering av skeive og andre grupper bør kjempast mot gjennom håndheving av jamstilling- og diskrimineringslova og relevante delar av arbeidsmiljølova.
- Sikre at UiS fortsatt støttar Pride.
- UiS bør ha eit ombod som hjelpar studentar som opplever diskriminering på universitetet eller andre områder i samfunnet.
- Samisk nasjonaldag skal markerast av UiS.
- Sikra at mållova vert følgt. Minst 25% av skriftleg materiell skal vere på nynorsk.
- Sikra at alle eksamenar er tilgjengeleg på nynorsk.

## **Internasjonal solidaritet**

VA meiner det er viktig å visa internasjonal solidaritet og stø undertrykte studentars kamp for retten til høgare utdanning. Me skal vere ein pådrivar for internasjonal lov, menneskerett, og rettferdig handel.

- Videreføra og styrka Students At Risk og Scholars At Risk-programma.
- Flyktningar med høgare utdanning skal få bruka utdanninga si i Noreg.
- Forskning bør publiserast på opne plattformer når det er mogleg.
- UiS må boikotte Israel, Tyrkia, og andre land som grovt bryter internasjonal lov og menneskerett. UiS må stå imot undertrykkinga av palestinarane, okkupasjonen av Palestina og den ulovlege invasjonen av Rojava. Vi må stå konsekvent og aktivt for menneskerett og internasjonal lov.
- UiS må verte et fairtrade-universitet slik som USN er. Det vil seia at UiS forplikter seg til å jobba for meir rettferdige handelsvilkår for utviklingsland. Miljørelaterte, sosiale og økonomiske vilkår bør betrast i handel for å redusere global ulikskap. Det vil innebere at meir fairtradeprodukter er tilgjengeleg på universitetet.
- Ha ei kvoteordning for studentar på flukt.
- Avkolonisera pensum. Vi må få eit heilskapleg oversyn av verda og ikkje berre eit vestleg perspektiv.
- Ha gode utvekslingsavtalar for studentar og for forskningsstillingar.

## **Internasjonale studentar og utveksling**

Internasjonale studentar bør inkluderast. Me veit at det kan vere tøft å koma til eit nytt land. Derfor må me sikra mest mogleg inkludering. Samtidig skal me sikra at alle studentar, uavhengig av bakgrunn, kan reise på utveksling. Me meiner at kulturmangfald styrker UiS og Noreg.

- Jobba for at bustadsgarantien gjeld for internasjonale studentar.
- Jobba mot at internasjonale studentar får studieavgift.
- UiS må sikra at mest mogleg informasjon óg kjem på engelsk og vert tilgjengeleg for internasjonale studentar.
- UiS må ha inkluderande sosiale opplegg for internasjonale studentar, slik at dei opplever tilhøyrse og trivsel.
- UiS' studentar må tilbydast gode utvekslingsordningar.
- Høve til å dra på utveksling skal ikkje avgrensast av økonomiske vilkår.
- Studentane skal ha demokratisk påverknad over universitetsalliansar UiS er del av.

## Klima, miljø og dyrevern

VA set miljø foran profitt, og krev miljøvenlege institusjonar for høgare utdanning, der miljøvenleg forskning vert tatt på alvor. Klima- og miljøkrisane er vår tids største utfordringar. Derfor må forskinga på energi spegla ein grunnregel om at berekraftige, fornybare energikjelder er dei framtidens samfunn skal byggjast på. Samtidig vil me kjempa for dyrs velferd.

- UiS skal kutta utsleppa i eiga drift med 40 % innom 2025, og drifta skal vere klimanøytral innom 2030.
- UiS må ha ein ytterleggående og ambisiøs klima- og miljøstrategi, som sett tydelege mål for minsking i UiS' eigne klimagassutslepp. UiS bør nytte ein langt meir utvida klimarekneskap enn dagens rekneskap, for å oppnå målet.
- Me stør at FNs berekraftsmål er del av UiS' strategi.
- Me stør UiS' arbeid som Miljøfyrtårn-sertifisert.
- UiS bør erklære klimakrise.
- Tilsettes bruk av fly bør avgrensast.
- UiS skal leggja til rette for meir elbilbruk blant studentar og lærare, for å minska bruken av fossilbilar.
- Kjeldesortering og attvinning må verte lettare på heile UiS.
- Det skal arbeidast for skiping av sykkelveggar til studentbyene.
- Bysykkelordninga skal utvidast, og campus skal ha stasjonar ved studentbustadar og andre plassar studentar ferdast.
- Oljeforskinga på UiS skal fasast ut, og det skal satsast på forskning innom grøne og fornybare energiløysingar. UiS skal vere leiande på grøn forskning i Noreg og bidra til at Stavanger vert fornybarhovudstaden framfor oljehovudstaden.
- UiS skal visa klarleik i samarbeida dei har med næringslivet og skipa eit utval for etiske retningslinjer, for å sikra at klimaforskinga forblir sjølvstendig.
- UiS skal ha fleire miljø- og klimavedkomne valemner og utdanningar. Me stør å fasa ned oljeutdanningar.
- Miljø- og klimaperspektiv må inn i fleire studieprogram.
- Det må skipast fleire og betre grøntareal for studentar. Også generelt

meir vegetasjon på campus.

- UiS skal føra tilsyn med luftkvaliteten inne og ute, og passa på at han er tilfredsstillande.
- Nye bygg tilknytta UiS skal byggjast med ny og innovativ energiteknologi. Dei skal ha det høgaste energimerket.
- All materiell som UiS brukar bør ha det nordiske miljømerket Svanemerket.
- Bøker og tekstar bør tilbyast i digitalt format.
- Kantinene bør ha fleire vegetariske og veganske alternativ. Arrangementer bør også ha slike tilbod. Det bør alltid vere alternativ for halal, kosher og andre religiøse kosthaldsomsyn. Allergener skal også tenkjast på. Alt bør alltid vere merka.
- Matsvinn i kantinene og på arrangement bør minkast. Det bør jobbast saman med Matsentralen.
- Jobba mot dyretesting i forsking.
- Det bør vere fleire bussar til UiS tilgjengeleg, spesielt utenfor Stavanger.
- Studentrabatten på busskort bør gjelda for alle studentar.
- Busskort for studentar bør gjelda heile fylket.
- UiS skal minka utsleppa sine av mikroplast.

## Studenthelse

Studentars helse bør takast på alvor, og spesielt psykisk helse. Me tenkjer at det er viktig med tiltak, men meiner at årsakene må takast på alvor også. Ulikskap er knytt med helsemessige og sosiale faktorar. Samanhengen er delvis fordi ulikskap avgrensar tilgjenge til hjelp, men óg fordi han fører til problema.

- Studentar skal ha tilgjenge på gode og gratis helsetilbod på dei ulike campusavdelingane.
- Psykisk helsehjelp skal vere raskast mogleg tilgjengeleg til studentar og ventetida må kuttast gjennom budsjettauke.
- Me vil at psykisk helsehjelp skal vere gratis til ein er 25 år i det offentlege, medan studentsamskipnadane skal koma i tillegg.
- Enda fleire lågterskeltilbod knytta til psykisk og fysisk helse må skipast på campus. Det bør vere eit godt utval av bøkar om positiv psykologi, kognitiv åtferdsterapi, sjølvhjelp og liknande på biblioteket.
- Det bør vere alternativ til studentprest for humanistar, muslimar, jødar og medlemmar av andre religion- og livssynssamfunn.
- Sikra at det er alkoholfrie og inkluderande arrangement.
- Me stør innføring av studentlækjar.
- Tannhelsetenester bør gjerast gratis for studentar på UiS. Inntil den tida, bør dagens stønadsordning for tannhelse haldast ved lag.
- Prevensjon bør vere gratis.
- Studentar skal ha tilgjenge til gratis og lett tilgjengelege opplysingar og hjelp til spørsmål knytt til seksuell helse.

## **Rettstryggleik**

Studentars rettigheter må takast på alvor og VA vil kjempa for at dei vert styrka.

- Innfør avgjerd i lov eller forskrift om at klagar som ikkje behandlast formelt innom rimeleg tid er å rekna som avslag, som kan klagast på formelt (jfr. Forskrift til Opplæringslova, § 9a-4, 3. ledd).
- Gje Arbeidstilsynet og studentombodet initiativrett i klagesaker om læringsmiljø, der det ikkje allereie er klagar frå studentar.
- Gje Norsk Studentorganisasjon eller andre passande aktørar auka tilskodd for å kunna bistå studentar juridisk i rettsleg prøving av saker om læringsmiljø.

## **Praksis i studiehverdagen**

Me meiner at praksis er viktig for framtidig arbeidshøve og vil dermed stø det.

Samtidig er kjønnsbalanse eit viktig mål.

- Alle studieprogrammer skal ha tilgjenge på praksisemne. Praksisemna skal vere tilgjengelege både for studentar på bachelor- og på masternivå.
- At UiS skipar kvalifiseringsstillinger for det underrepresenterte kjønn, for å få til kjønnsbalanse i fagmiljøer der det er behov for dette.
- Innføre tilleggspoeng for det underrepresenterte kjønn ved opptak til helseprofesjonsstudiar med høgt karaktersnitt.

## Læringsmiljø

Eit godt læringsmiljø, både fysisk og psykisk, er viktig for at studentane trivast i utdanninga. Læringa bør vere ein demokratisk dialog mellom studentar og førelesar, der makta vert desentralisert. Læringsmiljøet har diverre vorte svekka av pandemien. Difor er det viktig at me inkluderer digitale studentar, spesielt med tanke på at mange er i sårbare grupper når det gjeld helse.

- Det skal jobbast for at UiS vert eit reklamefritt campus. Kommersielle interessar skal ikkje gjennomsyra campusopplevinga.
- Gjere tydeleg krav til læringsmiljø i ny forskrift om læringsmiljø med tilhøyrande rettleiar. Ha eit fokus på at studentane demokratisk former undervisningen i løpande dialog med førelesarar.
- Stø ei utviding av pedagogisk undervisning for førelesarar. Undervisning bør jamstillast med forskning.
- Det bør vere fleire studentassistentar.
- Jobba for å ha digitalt opptak og undervisning i alle fag, også etter at pandemien er over.
- Det bør vere konkrete krav at førelesarar inkluderer digitale studentar i undervisninga.
- Innføre krav om system for internkontroll for fysisk læringsmiljø ved alle institusjonar i ny forskrift om læringsmiljø.
- Gje Arbeidstilsynet eit klarare mandat som klage- og kontrollinstans for fysisk læringsmiljø for studentar.
- Gje Arbeidstilsynet mynde til å sanksjonera institusjonar som ikkje følgjer opp Arbeidstilsynets førespurnadar om læringsmiljø.
- Innføre krav om anonymiserte system ved alle institusjonar for påklaging av mobbesaker og trakassering.
- Varslingssystemet skal vere lett tilgjengeleg der studentar er, på nett og fysisk på campus.
- Arbeide for automatisk grunngjeving på eksamen.